

Prosedyrar for registrering og oppfølging av elevfråvær i grunnskulen

1. Føresette skal levere skriftlig melding til skulen ved alle typar fråvær (også timefråvær). Ved manglande melding skal kontaktlærar ta kontakt med heim og etterlyse.
2. Alt fråvær skal registrerast. Faglærarar må derfor melde frå til kontaktlærar. Kontaktlærar har ansvaret for at det blir ført riktig fråvær, samt å halde oversikt over enkeltelevar sitt fråvær.
3. Ved fråvær på meir enn tre dagar skal eleven sine føresette ta kontakt med skulen og melde frå om årsaka til fråværet.
4. Kontaktlærar skal ta kontakt med føresette dersom slik melding manglar.
5. Dersom ein elev har høgt fråvær (10% eller meir), skal:

- Skulen si leiing orienterast.
- Saka vert drøfta i skulen sitt ressursteam. (Leiinga, kontaktlærar og teamleiar) Saka blir sett i lys av Haram kommune sin rettleiar «Kvar dag tel.»
- Skulen kallar føresette og elev inn til møte for å drøfte fråværet.
- Skulen må i forkant ha kartlagt fråværet, klassemiljøet og (om mogleg) drøfta problematikken med eleven.
- Aktuelle tiltak vurderast, og blir evt. sett inn i ein samarbeidsavtale.
- Eleven og foreldre vert tilbydd samtale med helsesjukepleiar.

Denne handlingskjeda bør gjennomførast snarast. Det kan også etter ei skjønnsmessig vurdering vere rett av skulen å gjere desse tiltaka før eleven har nådd grensa på 10%. Døme på når 10% fråvær er nådd:

Tidspunkt	10% fråvær
15. oktober	Ca. 4 dagar
1. desember	Ca. 7 dagar
Terminslutt 15. januar	Ca. 10 dagar
1. mai	Ca. 6 dagar
Terminslutt	Ca. 10 dagar

6. Dersom fråværet held fram, kallar rektor inn til nytt møte med foreldre, elev, kontaktlærer, helsesjukepleiar og eventuelt sosiallærer/miljøterapeut. Gruppa drøftar eleven sin situasjon og vurderer/utarbeidar ytterlegare tiltak.
7. Fråværsproblematikken vert drøfta vidare i skulen si ressursgruppe (hjá oss er dette kontaktlærer, teamleiar, rektor og konseptansvarleg)
8. Dersom fråværet varer vidare, vert saka tatt vidare til PPT, BUP og/eller barnevernstenesta.
9. Skulen vurderer jamleg sine prosedyrar for fråværsføring (siste møtet i kvar månad. samråd eller teamleiar møtet), felles regelhandtering og intern og ekstern kommunikasjon rundt elevfråvær.